

Kvartalsrapport

2-2018



SpareBank  
HALLINGDAL VALDRES 

# Kommentarar 2. kvartal 2018

## Konsernet

Konsernet si hovudverksemde omfattar følgjande område:

- Bankverksemde
- Egedomsmekling
- Rekneskapsforing.

Alle desse områda er konsesjonspliktige.

I tillegg driv konsernet med egedomsutvikling og investeringsverksemde. Den samla verksemda blir utført av morselskapet og 5 heileigde datterselskap.

Konsernrekneskapen omfattar også to felleskontrollerte verksemder inn mot SpareBank 1-Alliansen.

Konsernet har eit samla resultat etter skatt på 62,4 mill. kroner i første halvår. Dette er 4,3 mill. under resultatet på same tid i fjor.

## Bankverksemda

Bankverksemda blir drive av morbanken SpareBank 1 Hallingdal Valdres. I kvartalet har verksemda hatt 83,7 årsverk.

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 2. kvartal på 73 mill. kroner som svarar til 1,46 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet er 24,8 mill. under tilsvarande periode i fjor. Fjorårets rekneskap hadde fleire eingongseffektar som påverka resultatet positivt, medan resultatet per 2. kvartal i stor grad er basert på normal drift.

Netto rente- og kreditprovisjonsinntekter utgjer 89,3 mill. kroner og er 4,2 mill. over tilsvarande periode i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er per 2. kvartal på 1,79 %. I same periode i fjor var rentenettoen 1,85 %. Det er hittil i år kostnadsført 2,5 mill. i sikringsfondsavgift. Årsavgifta er periodisert slik at dette utgjer halv årleg avgift.

Netto andre driftsinntekter utgjer 72,5 mill. kroner mot 97,2 mill. i same periode i fjor. Åsaka til nedgangen er fjorårets eingongseffektar knytt til utbetaling av ekstraordinært utbytte frå selskapet Samarbeidende Sparebanker AS og Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS, samt realisering av aksjefond. Desse postane utgjorde i fjor til saman 35,9 mill. Om ein ser bort frå desse, har banken ein reell auke i andre inntekter i første halvår.

Driftskostnadane per 2. kvartal aukar frå 64,8 mill. i fjor til 70 mill. kroner i år. Kostnadsauken og er nokså jamt fordelt mellom dei ulike hovudpostane.

Resultatrekneskapen viser ein netto tapskostnad på 2,6 mill. kroner. Auka nedskrivningar knytt til utlån utgjer 2,2 mill. kroner av tapskostnaden så langt i år.

Banken har ved utgangen av 2. kvartal ein forvaltningskapital på 10,3 mrd. Kroner etter ein vekst på 8,0 % siste 12 månader.

Balanseførte utlån samt overførte lån til kredittføretaka SpareBank 1 Boligkredit AS (boligkredit), og SpareBank 1 Næringskredit AS (næringskredit) har ein vekst frå 2. kvartal i fjor på 717 mill. kroner eller 7,1 %. Banken har overført lån for nærmere 2,4 mrd. kroner til kredittføretak. Dette utgjer 21,1 % av balanseførte og overførte lån. Samla utlån fordeler seg med 72,1 % til privatmarknaden og 27,9 % til bedriftsmarknaden.

Sum engasjement som er misleghalte lengre enn 90 dagar utgjer per 2. kvartal 46,2 mill. av utlånsvolumet og er ein nedgang på 29 mill. frå 2. kvartal i 2017. Sidan utgangen av 2017 har volumet gått litt opp. Misleghaldet utgjer med det 0,54 % av brutto utlån. Samla nedskrivningar for verdifall på utlån utgjer 50,2 mill. kroner. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Innskota ved utgangen av 2. kvartal er på 7,5 mrd. kroner, og er ein auke på 438 mill. siste 12 månader. Innskota fordeler seg med 4,2 mrd. frå privatmarknaden og 3,3 mill. frå bedriftsmarknaden. Rekna i prosent er auken siste 12 månader på 6,2 %. Utlåns- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskot/utlån) ved kvartalsslutt er på 88,0 % mot 88,5 % for eit år sidan.

Banken har per 2. kvartal 1,4 mrd. kroner i eksterne innlån fordelt på 5 obligasjonslån på ca. 1,2 mrd. kroner, eit banklån pålydande 100 mill. kroner og to ansvarlege lån på til saman 120 mill. kroner. Av innlåna har 404 mill. kroner resterande løpetid på under eit år.

## Egedomsmekling

Denne verksemda blir drive av datterselskapet EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS og har 18,3 årsverk. Selskapet har ein leiande marknadsposisjon i Hallingdal. I Valdres er selskapet framleis i ein utfordraposisjon.

Selskapet har eit driftsresultat før skatt per 2. kvartal på 3,3 mill. som er 1,6 mill. over tilsvarande periode i fjor. Driftsinntektene er 5,7 mill. over 2. kvartal i 2017. Så langt i år har selskapet omsett 355 egededomar mot 288 i same periode i fjor.

## Rekneskap og økonomisk rådgjeving

Denne verksemda blir drive av datterselskapet SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS. Selskapet har 37,9 årsverk og har kontor i 5 kommunar i Hallingdal og i 2 kommunar i Valdres.

Selskapet har eit driftsresultat før skatt per 2. kvartal på 0,9 mill. noko som er 0,6 mill. over tilsvarande periode i fjor.

## Andre verksemder

Konsernet si egedomsverksemde blir drive av datterselskapet SpareBank 1 Hallingdal Egedom AS og SpareBank 1 ValHall Egedomsutvikling AS.

SpareBank 1 Hallingdal Egedom AS driv utleige av lokale til konsernet sine verksemder på Gol og i Hemsedal.

SpareBank 1 ValHall Egedomsutvikling AS eig konsernet sine lokale på Beitostølen og Heggenes. Selskapet leiger konsernet sine lokale på Fagernes og Flå samt lokale i Meny-bygget på Gol.

Selskapet leverer eit resultat før skatt per 2. kvartal på -0,7 mill. kroner. Dette er -0,6 mill. svakare enn same periode i fjor. Selskapet har som målsetting å gå om lag i balanse.

Konsernet si investeringsverksemde blir drive av SpareBank 1 Hallingdal Invest AS. Selskapet har utvikla eit tomtfelt på Flå og har kjøpt ein egedom på Geilo for vidareutvikling. Resultatet før skatt per 2. kvartal er på -0,2 mill. kroner, noko som er likt med same periode i fjor. Resultatutviklinga i selskapet vil i stor grad vere avhengig av framtidig tomtesal.

## Felleskontrollert verksemde

Banken eig 7,8 % i kvar av dei felleskontrollerte selskapet Samarbeidende Sparebanker AS og Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS. Dese selskapet er eigd av dei 10 minste bankane i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5 % av SpareBank 1 Gruppen AS. Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS eig 19,5 % av BN Bank.

Resultatandelen frå desse verksemndene inngår i konsernrekneskapen, i tillegg til morbanken og datterselskapet, og utgjer 11,5 mill. kroner av det samla konsernresultatet på 62,4 mill.

## Kapitaldekning

Konsernet har ved utgangen av 2. kvartal ei kapitaldekning på 20,3 %. For morbanken inkludert konsolidering av eigarføretak i samarbeidande gruppe er kapitaldekninga på 19,0 %. Kvartalsrekneskapen er ikkje revidert så resultatet hittil i år er ikkje lagt til den ansvarlege kapitalen. Banken har eit ansvarleg lån på 120 mill. kroner som styrkar den ansvarlege kapitalen og kapitaldekninga.

## Forsikringsfusjon

SpareBank 1 Gruppen AS og DNB ASA signerte 20. juni ei intensjonsavtale om å slå saman sine forsikringsverksemder. Samanslåinga vil skje ved at DNB Forsikring AS fusjonerer med SpareBank 1 Skadeforsikring AS. SpareBank 1 Gruppen AS skal ha ein eigardel på 60 prosent og DNB 40 prosent i det nye selskapet. I intensjonsavtala er det lagt til grunn eit bytteforhold på om lag 80 prosent for SpareBank 1 Gruppen og om lag 20 prosent for DNB. Dette bytteforholdet baserer seg på verdien av dei to skadeforsikringsselskapet. Marknadsverdi vil bli lagt til grunn når DNB skal auke sin eigardel til 40 prosent. Det nye selskapet vil ved fusjonstidspunktet ha ein marknadsandel innanfor risikoforsikring på over 15 prosent, og blir med dette landets tredje største forsikringsselskap, og landets største med distribusjon gjennom bank. Fusjonen vil etter planen bli gjennomført 1. januar 2019, under føresetnad av godkjening frå myndighetene. SpareBank 1 Hallingdal Valdres eig 7,8 % av selskapet Samarbeidende Sparebanker AS som i sin tur eig 19,5 % av aksjene i SpareBank 1 Gruppen AS.

## Framtidsutsikter

Veksttalla er gode og som forventa første halvår og me reknar med at dei held seg på same nivå i andre halvår. Styret held fast ved ei forventning om netto rente- og provisjonsinntekter om lag på fjorårets nivå pga. høgare innlånskostnader og dermed fall i rentemarginen som motvekt til effekten frå utlånsveksten. Kostnadene vil auke meir enn inntektene som følge av planlagde investeringar i personale og IKT i 2019. Driftsresultatet før tap frå bankverksemda er venta å bli noko lågare samanlikna med fjoråret. Tapskostnadene vil framleis vere låge. Resultata i datterselskapet er venta samla sett å vere på fjorårets nivå.

Marknaden for alle verksemndene blir vurdert som god. Alle verksemndene har rekruttert nye personalressursar for å styrke veksten på inntektsida. Desse startar opp i tredje kvartal.

Hallingdal, 30.06.18/13.08.18

Kjell Vidar Bergo Kristin Ourom Tore Østlund Gro Lundby  
styreleiar nestleiar  
Ragnhild Kvernberg Odd Holde Vidar Isungset Ellen Intelhus  
Knut Oscar Fleten  
adm. banksjef

# Resultatrekneskap 2. kvartal 2018

Tal i heile 1000 kroner

MORBANK					KONSERN					
Året 17	2. kvt. 17	2. kvt. 18	30.06.17	30.06.18		30.06.18	30.06.17	2. kvt. 18	2. kvt. 17	Året 17
277 099	69 483	72 692	136 760	143 731	Renteinntekter og liknande inntekter	142 769	135 628	72 124	68 727	274 941
101 273	25 382	27 746	51 518	54 398	Rentekostnader og liknande kostnader	54 387	51 612	27 605	25 290	101 256
<b>175 825</b>	<b>44 101</b>	<b>44 946</b>	<b>85 242</b>	<b>89 332</b>	<b>Netto rente- og provisjonsinntekter</b>	<b>88 382</b>	<b>84 016</b>	<b>44 519</b>	<b>43 437</b>	<b>173 685</b>
48 238	48 806	26 257	48 667	30 730	Utbytte og andre innt. av verdipapir med variabel avk.	18 487	17 297	10 125	10 110	39 962
79 417	19 538	19 984	37 553	41 149	Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	41 149	37 553	19 984	19 538	79 417
6 290	1 407	1 966	3 046	3 543	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	3 543	3 046	1 965	1 406	6 290
14 278	40	651	11 991	1 231	Netto verdien dr. og gevinst/tap valuta og verdipapir	1 231	11 991	651	39	14 278
4 156	1 147	1 443	2 030	2 939	Andre driftsinntekter	43 202	38 229	21 167	17 322	74 470
<b>139 800</b>	<b>68 124</b>	<b>46 369</b>	<b>97 195</b>	<b>72 506</b>	<b>Sum andre inntekter</b>	<b>100 526</b>	<b>102 024</b>	<b>49 962</b>	<b>45 603</b>	<b>201 837</b>
<b>315 625</b>	<b>112 226</b>	<b>91 315</b>	<b>182 437</b>	<b>161 838</b>	<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>188 908</b>	<b>186 040</b>	<b>94 481</b>	<b>89 040</b>	<b>375 522</b>
74 521	12 694	13 499	31 105	32 983	Personalkostnader	60 469	56 958	26 712	24 182	123 787
38 452	10 211	10 708	18 983	19 708	Administrasjonskostnader	19 649	18 530	10 889	10 021	37 860
4 399	1 060	1 101	2 074	3 273	Avskrivningar mv av varige driftsmiddel	7 584	6 353	3 259	3 231	13 903
25 822	6 149	6 565	12 631	14 048	Andre driftskostnader	19 151	17 202	8 519	7 299	37 780
<b>143 195</b>	<b>30 115</b>	<b>31 873</b>	<b>64 793</b>	<b>70 013</b>	<b>Sum driftskostnader</b>	<b>106 853</b>	<b>99 043</b>	<b>49 379</b>	<b>44 733</b>	<b>213 330</b>
<b>172 430</b>	<b>82 111</b>	<b>59 442</b>	<b>117 644</b>	<b>91 825</b>	<b>Resultat før tap</b>	<b>82 055</b>	<b>86 997</b>	<b>45 102</b>	<b>44 307</b>	<b>162 192</b>
8 983	6 486	2 303	6 388	2 552	Tap på utlån, garantiar mv	2 552	6 388	2 303	6 486	8 983
1 023	0	89	-27	59	Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt	59	-27	88	0	2 877
<b>162 425</b>	<b>75 625</b>	<b>57 050</b>	<b>111 282</b>	<b>89 214</b>	<b>Resultat etter tap</b>	<b>79 444</b>	<b>80 636</b>	<b>42 711</b>	<b>37 821</b>	<b>150 332</b>
28 048	5 000	9 210	13 500	16 250	Skatt på ordinært resultat	17 030	13 915	9 728	5 346	27 577
<b>134 376</b>	<b>70 625</b>	<b>47 840</b>	<b>97 782</b>	<b>72 964</b>	<b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>	<b>62 414</b>	<b>66 721</b>	<b>32 983</b>	<b>32 475</b>	<b>122 755</b>
<b>134 376</b>	<b>70 625</b>	<b>47 840</b>	<b>97 782</b>	<b>72 964</b>	<b>Resultat</b>	<b>62 414</b>	<b>66 721</b>	<b>32 983</b>	<b>32 475</b>	<b>122 755</b>

## Nøkkeltal

MORBANK	2. kvt. 18	2. kvt. 17	Året 17	Norm 17*
<b>RENTABILITET</b>				
Reneteneto i % av gj.sn forvaltn.kapital	1,79	1,85	1,86	1,81
Driftskostnader i % av driftsinntekter	43,26	35,52	45,37	51,22
Driftskost. i % av gj.sn.forvaltn.kapital	1,40	1,41	1,51	1,32
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	14,30	19,71	13,51	10,97
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	11,70	17,32	11,18	8,57
<b>FINANSIERING</b>				
Utlånsvekst (brutto) i % siste 12 md.	6,65	11,51	9,61	6,89
Overførte lån til kredittføretak (1000 kr)	2 364 187	2 191 064	2 270 201	
Utlånsvekst i % siste 12 mnd. inkl. overført til kredittføretak	7,06	9,58	9,38	7,90
Innskotsvekst i % siste 12 mnd.	5,82	9,35	10,81	5,24
Innskot i % av brutto utlån	87,98	88,48	86,59	81,69
Auke i forvaltn.kapitalen i % siste 12 mnd.	7,97	6,54	10,96	7,32
Likviditetsreserve i % (LCR)	164,00	154,00	165,00	168,90
<b>SOLIDITET</b>				
Netto ansvarleg kapital (1000 kr)**	1 448 824	1 023 722	1 118 013	
Kapitaldekning i % **	18,96	17,72	18,61	20,99
Uvekta kjernekapitalandel i % (leverage ratio)**	8,58	8,82	9,30	
Eigenkapitalprosent	12,64	12,86	12,18	10,99
Nedskrivning i % av brutto utlån	0,59	0,64	0,57	0,52
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,03	0,08	0,11	0,08
<b>KONSERN</b>				
Likviditetsreserve i % (LCR)	171,00	180,00	173,00	
Netto ansvarleg kapital (1000 kr)	1 270 075	1 147 141	1 227 777	
Kapitaldekning i %	20,32	19,17	19,69	21,43
Uvekta kjernekapitalandel i % (leverage ratio)	10,52	10,00	10,15	

\* Byggjer på tal fra Bankenes sikringsfond for bankar med forvaltningskapital mellom 3 og 10 mrd. kroner.

\*\* Frå og med 1. kvartal 2018 blir tal etter nye konsideringsreglar for eigarføretak i samarbeidande gruppe rapportert.

## Datterselskap

Tal i heile 1000 kroner

DRIFTSINNTEKTER	30.06.18	30.06.17	Endring	RESULTAT FØR SKATT	30.06.18	30.06.17	Endring
EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	23 232	17 562	5 670	EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	3 342	1 725	1 617
SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS	3 707	3 276	431	SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS	319	279	40
SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	1	1 101	-1 099	SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	-187	-215	28
SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS	19 977	21 100	-1 123	SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS	891	281	609
SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS	2 311	2 093	218	SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS	-976	-350	-626
<b>Sum</b>	<b>49 228</b>	<b>45 131</b>	<b>4 097</b>	<b>Sum</b>	<b>3 388</b>	<b>1 720</b>	<b>1 667</b>

# Balanse per 30. juni 2018

Tal i heile 1000 kroner

MORBANK			KONSERN		
31.12.17	30.06.17	30.06.18	30.06.18	30.06.17	31.12.17
71 664	70 835	72 109	Kontantar og fordringar på sentralbankar	72 109	70 835
562 044	520 834	616 457	Utlån til og fordringar på kreditinstitusjonar	616 477	520 290
8 441 275	7 961 626	8 505 105	Brutto utlån til og fordringar på kundar	8 409 179	7 862 744
-10 138	-16 281	-11 918	- Individuelle nedskrivningar	-11 918	-16 280
-37 900	-34 300	-38 300	- Gruppevis nedskrivningar	-38 300	-34 300
8 393 237	7 911 046	8 454 887	Netto utlån til og fordringar på kundar	8 358 961	7 812 164
21 330	5 046	20 530	Overtekne egedelar	20 530	5 046
403 196	397 831	413 740	Sertifikat, obligasjoner og andre rentebær. v.papir	413 740	397 831
461 631	441 085	541 114	Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkasting	541 354	441 405
78 071	78 071	78 071	Eigarinteresser i tilknytta selskap	167 457	161 072
47 374	48 317	48 960	Eigarinteresser i konsernselskap	-	-
5 193	4 560	5 193	Immatrielle egedelar	6 588	7 536
15 633	15 722	13 653	Varige driftsmidler	97 045	112 794
4 754	2 017	7 250	Andre egedelar	28 124	24 649
4 318	22 690	5 070	Forskotsbetalingar og opprente inntekter	47 264	49 470
<b>10 068 446</b>	<b>9 518 055</b>	<b>10 277 035</b>	<b>Sum egedelar</b>	<b>10 369 649</b>	<b>9 603 092</b>
					<b>10 160 841</b>
<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>					
109 281	100 000	100 000	Gjeld til kreditinstitusjonar	100 713	100 000
7 309 609	7 044 421	7 482 788	Innskot frå og gjeld til kundar	7 463 935	7 028 567
1 242 101	995 610	1 203 050	Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir	1 203 050	995 610
86 576	37 979	43 080	Anna gjeld	55 996	45 607
11 352	34 329	7 512	Påkomme kostnader og forskotbetalte inntekter	13 451	41 420
23 147	22 155	21 262	Avsetningar til forpliktingar og kostnader	22 004	23 887
60 000	60 000	120 000	Ansvarleg lånekapital	120 000	60 000
<b>8 842 066</b>	<b>8 294 493</b>	<b>8 977 693</b>	<b>Sum gjeld</b>	<b>8 979 149</b>	<b>8 295 091</b>
			Eigenkapitalbevis	805 700	805 700
805 700	805 700	805 700	Overkursfond	11 581	11 581
11 581	11 581	11 581	Kompensasjonsfond	1 176	1 176
<b>818 458</b>	<b>818 458</b>	<b>818 458</b>	<b>Sum innskote eigenkapital</b>	<b>818 457</b>	<b>818 457</b>
285 701	197 561	285 701	Utjamningsfond	285 701	197 561
114 181	101 802	114 181	Grunnfondskapital	114 181	101 802
8 039	8 039	8 039	Gåvefond	8 039	8 039
-	-	-	Fond for vurderingsulikheter	89 386	83 001
-	-	-	Anna eigenkapital	12 322	32 420
<b>407 922</b>	<b>307 401</b>	<b>407 922</b>	<b>Sum opptent eigenkapital</b>	<b>509 629</b>	<b>422 823</b>
			Resultat hittil	62 414	66 721
-	97 703	72 964	<b>Sum eigenkapital</b>	<b>1 390 500</b>	<b>1 308 001</b>
<b>1 226 379</b>	<b>1 223 562</b>	<b>1 299 343</b>	<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>	<b>10 369 649</b>	<b>9 603 092</b>
					<b>10 160 841</b>
<b>POSTAR UTANOM BALANSEN</b>					
523 930	585 130	507 733	Betinga forpliktingar	507 733	585 130
					523 930

## Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

MORBANK		
2. kvt. 18	2. kvt. 17	Året 17
46 210	75 233	27 620
11 586	15 081	7 794
<b>34 624</b>	<b>60 152</b>	<b>19 826</b>
<b>MISLEGHALDNE LÅN</b>		
Brutto misleghaldne lån		
- individuelle nedskriving		
<b>NETTO MISLEGHALDNE LÅN</b>		
<b>IKKJE MISLEGH. LÅN MED NEDSKRIVING</b>		
Brutto utlån	1 108	1 191
- individuelle nedskriving	332	1 200
<b>NETTO IKKJE MISL.H. LÅN M/NEDSKR.</b>	<b>776</b>	<b>-9</b>
<b>TAP PÅ UTLÅN OG GARANTIAR</b>		
Endring gruppendedskriving	400	-2 000
Endring individuell nedskriving	2 194	6 477
Konstatert tap i perioden	195	2 918
Inngått på tidl.konst. tap	-237	-1 007
<b>TILBAKEFØRING (-) / TAP I PERIODEN (+)</b>	<b>2 552</b>	<b>6 388</b>
		<b>8 983</b>